


## Årsaker til nedlagde skular i perioden 2007/2008-2009/2010

Det har i perioden 2007/2008 – 2009/2010 vorte lagt ned 154 skular. Nordland og Møre og Romsdal er dei fylka der flest skular har vorte lagt ned med høvesvis 22 og 17 skular. Oslo og Aust-Agder har ingen reelle nedleggingar av ordinære grunnskular.<sup>1</sup> Til saman er vel 6 000 elevar omfatta av nedleggingane.

Rapportane frå fylkesmennene viser at lågt elevtal, dårlig kommuneøkonomi og ynskje om betre ressursutnytting er hovudårsakene til at skular vert lagt ned. Ofte er det ein kombinasjon av dårlig kommuneøkonomi og lågt elevtal. I tillegg skuldast nokre nedleggingar dårlige og lite hensiktsmessige bygningar og utilfredsstillande pedagogisk tilbod.


Figur 1 og 2 nedanfor viser talet på nedlagde skular og talet på elevar som er påverka av nedleggingane i kvart fylke.

*Figur 1: Talet på nedlagde skular:*



*Figur 2: Talet på elevar som er omfatta av skulenedleggingar:*

<sup>1</sup> I Oslo er Ballangrud spesialskule tilknytt barnevernstenesta og Berg Gård sjukehuskule flytt til Rikshospitalet og lagt ned i GSI. Østfold fylkeskommunale grunnskole er overført til Østfold.



## Få elevar og kommuneøkonomi viktigaste årsaker

### *Elevtal og kommuneøkonomi*

Få elevar og kommuneøkonomi er oppgitt som dei mest vanlege årsakene til skulenedleggingar. Få elevar er oppgitt som årsak i vel 60 prosent av nedleggingane og kommuneøkonomien i om lag halvparten av tilfella. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi er oppgitt som årsak, er det i kombinasjon med få elevar. Når elevtalet går ned, vil den økonomiske belastninga per elev auke sidan ein framleis vil ha faste kostnader til m.a. lærarløner og lokale. Det vil derfor i mange tilfeller bli ei kost/nytte-vurdering å oppretthalde ein skule ved søkkjande elevtal.

Problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar er oppgitt i om lag 12 prosent av tilfella.

Det er noko forskjell mellom fylka med omsyn til kor viktig kommuneøkonomien er. I Telemark og Vestfold er kommuneøkonomi oppgitt i høvesvis 83 og 75 prosent av nedleggingstilfella. I Oppland og Rogaland er kommuneøkonomi oppgitt i mindre enn ein tredel av tilfella.

I Nord-Trøndelag er lågt elevtal utelukkande årsak til dei to skulenedleggingane som har vore i perioden. Også i Vestfold er få elevar oppgitt i 100 prosent av tilfella, 75 prosent av tilfella i kombinasjon med kommuneøkonomien. Få elevar er også årsaka i dei fleste tilfella i Hedmark, Nordland, Finnmark og Sogn og Fjordane.

### *Vanskeleg å rekruttere kvalifiserte lærarar*

Å få rekruttert kvalifiserte lærarar ser ikkje ut til å være ein like viktig forklaringsfaktor som elevtal og kommuneøkonomi. På landsbasis er rekrutteringsvanskar oppgitt i 19 tilfeller.

### Andre årsaker

Andre årsaker som er oppgitt er nedslitne og lite hensiktsmessige lokaler, utilfredstillande pedagogisk tilbod, utilfredsstillende og lite fleksibelt lærings- og arbeidsmiljø. I enkelte tilfeller er det foreldreinitiativ som har ført til at skulen han vorte lagt ned.

Tabell 1 nedanfor viser korleis årsakene til nedleggingar fordeler seg mellom fylka. Årsakene er oppgitt i prosent.


*Tabell 1: Årsaker til skulenedleggingar 2007-2009 per fylke. Talet på skular og prosentdel.*

Fylke	Talet på nedlagde skular	Årsaker til skulenedleggingar					
		Kommuneøkonomi	Lågt elevtal	Vanskeleg å rekruttere kvalifiserte lærarar	Talet på skular	Prosentdel	Talet på skular
		Talet på skular	Prosentdel	Talet på skular	Prosentdel	Talet på skular	Prosentdel
Østfold	3	1	33	1	33	0	0
Akershus	2	0	0	1	50	0	0
Oslo	0	0	0	0	0	0	0
Hedmark	13	8	62	12	92	0	0
Oppland	14	4	29	3	21	3	21
Buskerud	5	3	60	2	40	0	0
Vestfold	4	3	75	4	100	1	25
Telemark	12	10	83	1	8	3	25
Aust-Agder	0	0	0	0	0	0	0
Vest-Agder	4	4	100	3	75	0	0
Rogaland	7	2	29	5	71	0	0
Hordaland	13	6	46	10	77	6	46
Sogn og Fjordane	11	6	55	7	64	2	18
Møre og Romsdal	17	8	47	8	47	0	0
Sør-Trøndelag	4	1	25	3	75	1	25
Nord-Trøndelag	2	0	0	2	100	0	0
Nordland	22	10	45	20	91	1	5
Troms	11	6	55	5	45	1	9
Finnmark	10	6	60	8	80	1	10
<b>Totalt</b>	<b>154</b>	<b>78</b>	<b>51</b>	<b>95</b>	<b>62</b>	<b>19</b>	<b>12</b>

### Talet på elevar som har fått vesentlege endringar i skuleveg - meir enn 20 km ein veg

Det er 264 elevar som har fått meir enn 20 km skuleveg ein veg som følgje av at skulen har vorte nedlagt. Det dreier seg om elevar i Nordland, Hedmark, Oppland, Buskerud, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Troms. I Sør-Trøndelag har 55 prosent av elevane som har vorte omfatta av skulenedlegging fått skuleveg på meir enn 20 km. I Nordland har 25 prosent av elevane fått reiseveg på meir enn 20 km ein veg. I Sogn og Fjordane har 10 prosent av elevane fått meir enn 20 km reiseveg. Ein kommune i Sogn og Fjordane rapporter om kvalme og mindre fritid for elevane som følgje av lang veg på smale vegar.


*Figur 3. Talet på elevar med meir enn 20 km reiseveg ein veg*



### Kvar har elevane vorte flytta til?:

Dei aller fleste elevane har vorte flytta til andre samanslårte skular. 66 prosent av elevane som gikk på skular som er vorte nedlagde er flytta til samanslårte skular.<sup>2</sup>

*Figur 4. Prosentvis fordeling av kvar elevane vert flytta til etter nedlegging*



<sup>2</sup> Det går ikkje alltid fram av rapportane om dei samanslårte skulane er nye eller allereie eksisterande, men eit stort fleirtal er allereie eksisterande.

I mange fylker har alle elevane vorte flytta til samanslårte skular/overført til eksisterande skular, jf tabell 2 nedanfor. Det er berre i Møre og Romsdal, Hordaland og Nordland at det er oppretta nye private skular i perioden.

*Tabell 2: Fylkesvis oversikt over kvar elevane vert overført til, prosentdel av elevane som gikk ved skulane som vart nedlagt:*

Fylke	Nye off. skular	Nye private skular	Samanslårte skular/overført til eksisterande
Østfold	82	0	18
Akershus	50	0	50
Oslo	0	0	0
Hedmark	0	0	100
Oppland	36	4	60
Buskerud	100	0	0
Vestfold	0	0	100
Telemark	44	0	56
Aust-Agder	0	0	0
Vest-Agder	0	0	100
Rogaland	0	0	100
Hordaland	0	3	97
Sogn og Fjordane	0	0	100
Møre og Romsdal	36	14	50
Sør-Trøndelag	0	0	100
Nord-Trøndelag	0	0	100
Nordland	0	26	74
Troms	0	0	100
Finnmark	0	0	100